

5TH EDITION KOMPATIBELT

NATTSKIFT I SAFIRGRUVA

**NB! SKAL KUN LESAST AV DEN
SOM SKAL LEIE SPELET!**



**Eit nybyrjareventyr for
opp til 5 hill dwarfs
+ speleleiar.**



Kva er 5E, og rollespel?

I eit rollespel er det ein person som leiar spelet. Denne personen kallar vi ofte Game Master eller GM. Dei andre inntek rolla som ein karakter. Karakterane har ulike ferdigheiter/ eigenskapar, både styrkar og svakheiter. Desse er noterte på eit karakterark (sjå side 6). GM fortel ei historie og spelarane tek del i forteljinga ved å velje korleis deira karakter reagerer på det som skjer. Medan nokre spelarar tek rolla fullt ut og snakkar på vegne av karakteren som improvisert teater, vil andre heller forklare kva deira karakter tenkjer og gjer. Alt er lov. Det er ingen feil måte å spele på, det er berre fantasien som set grenser. Saman skapar spelarane og speleleiar/GM ei spennande historie.



Dersom ein spelar vil prøve på noko som er litt vanskeleg, slik som å balansere på ein smal tømmerstokk for å kome over eit høgt juv, gir GM spelaren ein Dice check/DC dei skal klare å matche eller slå; til dømes DC15. Spelaren trillar sin d20 terning, legg på eventuelle poeng for ferdigheit, og ser om h*n klarte å få 15 eller meir. Dersom h*n klarar DC'en (SUCCESS) balanserar h*n trygt over juvet. Dersom h*n får lågare enn 15 (FAIL) skjer noko negativt. Meir om DC/Dice check på side 7.

Dungeons & Dragons er det sidan tidleg 1970-talet. Dei seriar som "Stranger Things" og

første og mest kjende rollespelet i verda, og har eksistert siste åra har det fått ein kraftig oppsving takka vere tv-"Critical Role". 5E er den femte utgåva av spelet. Det vert

spelt av folk i alle aldrar, og passar til dei aller fleste. Dette eventyret foregår i ei klassisk fantasyverd inspirert av "Ringenes Herre". Her finn du alle slags utrulege skapningar, skumle monstre og masse magi. Dersom du føretrekk andre sjangrar fins det MANGE andre rollespel som tek for seg alle slags ulike tema: apokalypse, sci-fi, skrekk og meir. Ta gjerne ein kik på den norske nettsida Rollespill.info for masse informasjon og vurderingar av ulike rollespel, samt mange gratis rollespel ein kan laste ned.

Takk til speletestarane:

Idar, Markus, Lena, Aurora, Annelinn, Oliver, Elisabeth, Filip, Dante, Anders, Robert, Geir og Olav.

Forord:

Dette er eit enkeltstående eventyr (på engelsk kalla "one shot") for nybyrjarar. Vi tek utgangspunkt i reglane til rollespelet "Dungeons & Dragons 5th edition" (heretter kalla 5E), men har forenkla og fokusert på dei reglane som gjeld for dette eventyret. Sidan eventyret er for nybyrjarar vil speleleiar/GM føre spelarane på rett veg. Det er slik sett eit togskinne-eventyr (engelsk: railroad) som betyr at det er avgrensa valmoglegheiter for spelarane.

Det vert brukt ein del engelske ord sidan 5E vert utgitt på engelsk.

Dersom du har spørsmål eller tilbakemeldingar, vil vi gjerne høyre frå deg, på post@hoggtann.com. Dersom eventyret gir meirsmak er det mogleg å låne terningar og 5E-bøkene "Dungeon Master's Guide", "Player's Handbook" og "Monster Manual" på Sogndal bibliotek.

Korleis bruke dette heftet:

Dei første sidene inneheld litt generell informasjon om rollespel. Sjølve eventyret byrjar på side 7. Bakerst finn du vedlegg som skal nyttast med spelarane.

Dersom du har spelt 5E før kan du gå direkte til side 7 for informasjon om eventyret.

Legal Information and Copyright Notice:

This release of NATTSKIFT I SAFIRGRUVA is done under version 1.0 of the Open Gaming License (page 22), and the System Reference Document by permission from Wizards of the Coast, Inc. Designation of Product Identity: The following items are hereby designed as Product Identity in accordance with Section 1(e) of the Open Gaming License, version 1.0: NATTSKIFT I SAFIRGRUVA, all proper nouns, capitalized terms, italicized terms, artwork, maps, symbols, depictions, and illustrations, except such elements that already appear in the System Reference Document or have been released as Open Content.

© 2023 Hoggtann Media. All rights reserved.

The works of fiction, including but not limited to stories, characters, and associated content, presented here, exempt from those under the Open Gaming License and the System Reference Document by permission from Wizards of the Coast, Inc. are the intellectual property of Hoggtann Media. These works are protected by copyright laws and international treaties. Reproduction or distribution of these works, in whole or in part, without the express written permission of Hoggtann Media is strictly prohibited. Unauthorized use, reproduction, or distribution may result in civil and criminal penalties.

For inquiries regarding the use or licensing of these works, please contact:

Hoggtann Media: post@hoggtann.com www.hoggtann.com



Innholdsliste:

Side 1 - Framside

Side 2 - Kva er 5E, og rollespel? | Takk

Side 3 - Forord | Korleis bruke dette heftet | Legal Information and Copyright Notice

Side 4 - Innholdsliste

Side 5 - Terningar

Side 6 - Døme på karakterark

Side 7 - Informasjon til Game Master | Samandrag av eventyret | Lage Dice Checks

Side 8 - Døme på skills/ferdigheiter

Side 9 - Nattskift i Safirgruva. Del 1: Hutryds advarsel

Side 10 - Del 2: Gruvedrift

Side 11 - Spelmekanikk for gruvedrift | Del 3: Raset

Side 13 - Del 4: Oppdaginga

Side 14 - Del 5: Magminmøte

Side 15 - Stats/Informasjon om Magmin

Side 16 - Korleis kamp fungerer

Side 17 - Får ein spelar 0 eller minus i HP?

Side 18 - Kamp og kart

Side 19 - Del 6: Vegskilje (Puzzle)

Side 20 - Del 7: Gruve 3 eller Utgang?

Side 21 - Spelmekanikk for steinrydding

Side 22 - Del 8: Avslutning

Side 23 - Open Game License Version 1.0a

Vedlegg 1 - Terningar

Vedlegg 2 - Døme på skills / ferdigheiter

Vedlegg 3 - Våpen

Vedlegg 4 - Kart

Vedlegg 5 - Vegskilje puzzle

Vedlegg 6 og utover - Karakterark



Terningar:

Det vert brukt ulike terningar i 5E. Terningane vert kalla D, som står for DICE, etterfulgt av eit tal som seier kor mange sider terningen har. Til dømes har d20 tjuе sider, og er den mest brukte terningen. Dersom det står du skal trille 2d20 betyr dette at du trillar 2 stk d20 eller ein d20 2 gonger. Bakerst finn du ei lik oversikt som du kan gi til spelarane dine.


D20 er den mest brukte terningen i 5E.



D4



D6



D8



D10




D12



D20



D100



Døme på karakterark, med viktige punkt



NAMN:

RURNIN / RUSELDA

KLASSE:

ROGUE

12
+1
STRENGTH

15
+2
DEXTERITY

15
+2
CONSTITUTION

8
-1
INTELLIGENCE

15
+2
WISDOM

10
+0
CHARISMA

SKILLS / FERDIGHEITER	
ACROBATICS	+6
ANIMAL HANDLING	+1
ARCANA	+1
ATHLETICS	+5
DECEPTION	+0
HISTORY	+1
INSIGHT	+1
INTIMIDATION	+2
INVESTIGATION	+1
MEDICINE	+1
NATURE	+1
PERCEPTION	+1
PERFORMANCE	+0
PERSUASION	+0
RELIGION	-1
SLEIGHT OF HAND	+6
STEALTH	+4
SURVIVAL	+2

Ferdigheiter

SAVING THROWS	
STRENGTH	+5
DEXTERITY	+1
CONSTITUTION	+4
INTELLIGENCE	+1
WISDOM	+1
CHARISMA	+0

Saving
Throws

HP **Hit Dice** **AC**
MAX HIT POINTS / HP HIT DICE ARMOR CLASS / AC

11 **1d8** **13**

INITIATIVE +2	SPEED 30 FEET	DEATH SAVES: SUCCESES: ○ ○ ○ FAILURES: ○ ○ ○
--------------------------------	-----------------------------------	---

Initiative Speed

ACTIONS:

SPECIAL:
Sneak Attack: Du kan gi 1d6 ekstra skade til ein skapning dersom du har ADV på angrepet eller dersom skapningen er i kamp med nokon 5 foot innanfor seg.

PERSONLEG EIGENSKAP:
Du kjem frå den fattigaste familien i slekta. De har blitt nøydd til å lære dykk å stjele mat og andre naudsynte ting for å overleve. Du er flau og redd for at dei andre skal finne ut om stjelinga, og er desperat etter skattar.

EQUIPMENT:
Thieves tools, waterskin.

VÅPEN:		
NAMN:	HIT (d20+):	SKADE:
HAKKE	+4	1d6+2
SPADE	+4	1d6+1
DAGGER (KNIV)	+4	1d4+2
Våpen	Hit	Skade
UNARMED STRIKE	+3	2

Informasjon til Game Master

Les gjennom eventyret nokre gonger, slik at du hugsar kva som skal skje. Spelarane kan få vite at dei er dvergar (dwarfs) med ulike ferdigheiter/klassar. Dei er nyankomne til ei gruve dei jobbar i. Del ut karakterarka du finn bakerst, slik at kvar spelar får ein karakter kvar. Sidan dette er eit kort eventyr (engelsk: one shot) er det avgrensa kva spelarane kan gjere. Dei vert spora i "rett retning" av deg som GM.



Samandrag av eventyret:

1. Karakterane sit i messeteltet og et. Dei pratar rundt bordet.
2. På veg inn i gruva møter dei Hutryd som ber dei vere forsiktige pga dårleg/porøs stein.
3. Karakterane byrjar å jobbe i gruva.
4. Gruva rasar saman under dei og dei ramlar ned i ein gammal gruvegang.
5. Dei finn eit stort lager med masse safirar og eventuelle andre ting.
6. Dei må kjempe mot Magmins.
7. Dei kjem til eit vegskilje (puzzle).
8. Dei går mot Gruve 3 eller mot utgangen, og får mange Magmins etter seg.
9. Dei må jobbe seg gjennom eit ras for å kome seg ut av hula.
10. Avslutning

Lage Dice checks:

Nokre gonger vil spelarane dine finne på ting verken du eller dette eventyret har tenkt på. Med mindre det dei vil gjere er veldig enkelt, lagar du ein Dice check (DC) for det dei vil prøve på.

Først bestemmer du kva skill / ferdigheit dei skal bruke.

Deretter bestemmer du kva minste tal/DC dei må få.

So trillar dei ein d20 og legg til poeng for ferdigheit. Resultatet må vere lik eller meir enn det du set som DC.

Sett din vanskelighetsgrad ut frå det du meiner er korrekt:

DC5 - enkel DC10 = middels DC15 = utfordrande

DC20 = vanskeleg DC25+ = veldig vanskeleg

SKILLS / FERDIGHEITER

ACROBATICS	+4
ANIMAL HANDLING	+1
ARCANA	+1
ATHLETICS	+0
DECEPTION	-2
HISTORY	+1
INSIGHT	+3
INTIMIDATION	-2
INVESTIGATION	+3
MEDICINE	+1
NATURE	+3
PERCEPTION	+3
PERFORMANCE	-2
PERSUASION	-2
RELIGION	+1
SLEIGHT OF HAND	+4
STEALTH	+4
SURVIVAL	+3

Døme på skills/ferdigheiter:

Dette ligg også med som eit vedlegg, slik at det kan liggje på spelebordet.

Acrobatics: Kroppsbevegelsar som krev balanse, fart og presisjon. Slenge seg i tau, balansere på ein kant.

Animal handling: Kor flink ein er med dyr. Klarar ein å roe ned eit dyr eller forstå kva det vil?

Arcana: Kunnskap om magi. Forstå spells.

Athletics: Kroppsbevegelsar som krev styrke. Å symje, klatre og hoppe.

Deception: Kor flink ein er til å lyge og lure. Spele død, forkle seg, lyge overbevisande.

History: Kor mykje ein veit om verdas historie og det som har skjedd før. Kva veit ein om ei gamal hule ein snublar over?

Insight: Magekjensla. Skjønnar ein om nokon lyg? Merkar ein at ein vert forfulgt? Lese kroppsspråk.

Intimidation: Klarar ein å skremme eller true nokon?

Investigation: Å leite aktivt etter noko. Finne skjulte knappar, lese etter spor i ei bok.

Medicine: Stabilisere døande personar, pleie eit sår.

Nature: Er det trygt å ete planta? Er dyret farleg? Kunnskap om naturen, plantar og dyr.

Perception: Bruke sansane til feks å unngå/oppdage feller. Lytte, sjå, føle og oppdage.

Performance: Kan ein underhalde folk? Med sang, dans, eller kanskje ei historie?

Persuasion: Å overbevise/overtale nokon. Prute på ei vare, få nokon til å gjere noko.

Religion: Kunnskap om gudar og ulike religionar.

Sleight of hand: Kor flink og rask ein er med hendene. Lommetjuveri, korttriks, sjonglere.

Stealth: Kor flink ein er til å snike stille, skjule og gøyme seg.

Survival: Overlevelse. Finne og følgje spor etter dyr. Finne spesielle planter eller dyr til mat eller medisin.

SKILLS / FERDIGHEITER

ACROBATICS	+4
ANIMAL HANDLING	+1
ARCANA	+1
ATHLETICS	+0
DECEPTION	-2
HISTORY	+1
INSIGHT	+3
INTIMIDATION	-2
INVESTIGATION	+3
MEDICINE	+1
NATURE	+3
PERCEPTION	+3
PERFORMANCE	-2
PERSUASION	-2
RELIGION	+1
SLEIGHT OF HAND	+4
STEALTH	+4
SURVIVAL	+3

Nattskift i Safirgruva

Del 1: Hutryds advarsel

Eventyret vert best når du legg til din eigen fantasi og forklarar korleis ting ser og høyses ut, korleis det luktar og kjennes. Dersom ynskjeleg kan du lese den følgjande teksten høgt, men det vert meir levande om du fortel det med dine egne ord:

Dette er den første dagen de er i den nye gruveleiren tilknytt "Safirgruva". Dette er ei gruve starta av slekta dykkar; Deepröck-klanen. Klanen sine prospektörar har funne safirar i fjellet, og sidan det har vore litt dårlege tider for Deepröck-slekta dei siste tiåra, vart det fort avgjort at det skulle opprettast ei gruveleir her. Dei ulike familiane i slekta har sendt dykk som sine utvalgte til å jobbe i gruva.

Sidan gruva er ny, er det ikkje gravd store nok rom i fjellet til å huse arbeidarane enda. De bur derfor i telt utanfor gruva. No sit de i messeteltet og et, før de skal byrje på nattskiftet i gruva. Sjølv om de tilhøyrer same slekt, so kjenner de ikkje kvarandre frå før av. Derfor brukar de tida på å prate saman og bli betre kjend.

Her legg GM opp til at spelarane kan introdusere karakterane sine for kvarandre, slik at dei byrjar å snakke med kvarandre. Karakterarka har "personlege eigenskapar" som spelarane kan nytte for å gjere sin karakter meir levande. Når det kjennes naturleg å avslutte praten - går GM vidare med eventyret.

De et opp dei siste bitane på tallerken i det de høyrer den høge fløyta som markerar byrjinga på neste skift. De plukkar opp utstyret dykkar utanfor messeteltet og går mot gruva. Ved inngangen møter de kveldsskiftet som er på veg ut. Dei ser slitne og ikkje minst skitne ut. Skiftleiarer Hutryd, ei eldre dame med masse rynker fulle i skit og støv, stoppar opp og vender seg mot dykkar skiftleiar, Amner/Amnhild.

Hutryd er ei sliten dame som ikkje orkar tull. Ho har mest lyst å gå til messeteltet og ete, men tek ein rask prat med neste skift. Ho vil nemleg advare dei om at dei er komne til eit parti med dårleg stein, og at dei må vere ekstra forsiktige. Kanskje spelarane har nokre spørsmål til dette?



Info dei kan få frå og om Hutryd:

- Den "dårlege" steinen er porøs sandstein. Denne kan rase saman om ein ikkje er forsiktig. Dersom dei spør, anbefalar ho å ta med trevirke for å støtte opp om tunellen dei grev.
- Ho har lang erfaring med gruvearbeid (nesten 170 år - Ho er 300 år - dwarfs kan bli opp mot 350 år).
- Ho har stor tru på gruva, sjølv om ho ikkje har sett så mange safirar enda. Ho trur ein må djupare ned for å finne dei store forekomstane.

Kanskje denne vesle advarselen frå Hutryd gjer at spelarane byrjar å diskutere. Er det noko spesielt dei vil gjere før dei går inn? Er det noko ekstra dei vil ta med seg inn? Dette er ei profesjonell hill dwarf gruve, so dei har det meste av utstyr liggjande klar til bruk. Dersom spelarane vil leite etter spesielt utstyr kan du tenke etter: kva ville vore naturleg utstyr for ei middelaldersk gruve å ha liggjande? Uansett kva dei vel å ta med har det ingenting å sei for historia.


Dei går inn i gruva.

Del 2: Gruvedrift

Gruvegangen strekkjer seg framfor dykk, mørk og sparsamt opplyst. Det heng nokre lamper her og der, men det er tydeleg at leiinga ikkje kastar vekk peng på slikt når de uansett har nattesyn. Vegger, tak og golv er grovt hogde, utan tid til finpuss. Her handlar det om å finne dei store forekomstane av safirar og edelsteinar så raskt som mogleg. Lufta heng tung, stillestående og fuktig, men det er noko de for so vidt er van med.

Etter ei stund kjem de fram til enden av gruva, der de skal grave vidare inn i fjellet. Kva gjer de?

Her kan spelarane diskutere korleis dei skal gå fram. Vil dei gå rett på med verktøy? Skal dei sikre tunellen medan dei grev? Fekk dei tipset frå Hutryd?



-Om nokon vil sjekke steinmassane kan dei ta PERCEPTION / INVESTIGATION DC12 (trille sin d20-terning og legge til/trekke frå det dei har på enten PERC eller INV. Ved success (12 eller meir) ser dei at massane er ustabile, men at det kan gå bra om dei støtter opp om gruvetaket dei grev. (Døme: Rurnin / Ruselda vil undersøke steinen. H*n har +1 i PERCEPTION, so h*n rullar d20 og får 9, legg so til sin +1 for PERC og får totalt 10. Dette er under DC12 som trengs, so Rurnin / Ruselda legg ikkje merke til noko spesielt med steinen).

-Dersom dei vil forsterke taket/gruva, men ikkje har forslag sjølv (som spelar) kan dei trille NATURE DC13 for å sjå om deira karakter har kjennskap til ei løysing. Ved success kjem dei på at dei kan støtte opp taket med trevirke.

Dersom dei ikkje har med seg trevirke sjølve, hugsar dei at dei såg noko litt lengre bak i gruvegangen - som dei kan hente og bruke.

Spelmekanikk for gruvedrift:

Spelarane brukar hakke eller spade (som eit våpen) for å kome seg fram i gruva. Dei kan gjere dette i tur og orden. Bruk gjerne initiative for å bestemme rekkefølga. Kanskje dei har noko alternative løysningar for korleis dei kan kome seg framover og?

Tanken her er at dei kan få 2 rundar kvar før raset skjer automatisk, men om nokon får NAT 1 (trillar 1 på terningen) etter runde 1 skjer raset då.

Følgande skjer ut frå resultatet:

NAT 20 (trillar 20 på terningen) / over 20: Spelaren får laust eit stort stykkje stein og i steinen er det ein nydeleg blå safir, på størrelse med ein knytteneve, verdt 1000 gullpeng.

13-20: Spelaren får laust eit stort stykkje stein.

2-12: Spelaren får ikkje laust noko av betydning.

NAT 1 - 1: Dersom i runde 1: Hakka/Spaden spelaren bruker knekk og er øydelagd. Dersom NAT 1 - 1 i runde 2: Raset skjer.



Dersom dei ikkje set opp støtter av trevirke etterkvart som dei grev, so er det grunnen til raset, etter 2 rundar.

Dersom ein spelar får NAT 1 etter runde 1, so kan grunnen til raset vere at h*n grov/hakka for djupt.

Dersom dei set opp støtter, og ikkje får NAT 1, so skjer raset pga at dei har greve for mykje og for langt.

Uansett korleis det skjer, so skjer raset.

Del 3: Raset

De høyrer eit øredøyvande brak under dykk, og kjenner korleis det ristar i bakken. Men før de rekk å reagere gir jorda etter under føtene dykkar. Stein og skyer av sand og støv virvlar rundt dykk medan de fell nedover. Lyden av stein som fell og overraska skrik fyller lufta medan de dunkar inn i både stein og kvarandre. Og so, med eit siste buldrande drønn, stilnar kaoset. Det vert heilt stille, bortsett frå den tunge og raske pusten dykkar, der de ligg på bakken. Hjartet dunkar hardt i brystet. Sandstøvet byrjar å legge seg på bakken, og de skimtar kvarandre gjennom støvet.

Alle trillar DEXTERITY SAVING THROW for å sjå om nokon klarte å ta seg for når dei landa.

DC15, med 1d4 i skade ved fail.

Du kan fortelje at dei har hamna i det som ser ut som ein gammal gruvegang. Men denne er veldig fint uthogge, og er stor nok til at 3 dwarfs kan gå i bredden, eller at ei kjerre kan bli dratt her (frampeik).

Dersom spelarane ynskjer det, er det fullt mogleg med ein short rest etter fallet. Dei kan då trille sin HIT DICE (i tilfellet til høgre 1 stk d8 terning) og legge til det dei får til sine HIT POINTS/HP, men kan ikkje gå over sin MAX HP (det dei hadde når dei byrja eventyret).

HIT DICE

1d8

Dersom dei brukar PERCEPTION eller INVESTIGATION for å inspisere veggar/tak etc vil dei med success på DC10 enkelt sjå at dette er hogd av dwarfs. Men det må vere lenge sidan. Dei ser også at det er svimerker her og der på veggane (frampeik). Dersom nokon vil bruke HISTORY for å tenkje tilbake om dei kan ha høyrte om ei slik mine frå gamle dagar, kan dei med success på DC15 minnast å ha høyrte om ei fleire tusen år gammel gruve som vart kalla "Tårelageret" grunna den store forekomsten av blå safirar, som ofte vert kalla "blå tårer". Kan det vere denne dei har snubla over?

Gruvegangen de er i er heilt blokkert av raset på den eine sida. Over dykk er det heilt mørkt. Det er ingen lys frå lyktene der oppe, so de reknar med at tunnelen har rasa saman der og. Det er med andre ord berre ein veg å gå.

For å gjere spelarane litt urolege kan du be dei fortelje deg i kva rekkefølge dei går nedover gangen, slik at du kan notere dette. Då vil dei kanskje forvente å møte på monster eller byrje å sjå seg om etter feller.

Lyden av fottrinna dykkar lagar ekko nedover gangen. Etter kvart ser de eit svakt, blått lys langt framme. Det vert sterkare etterkvart som de nærmar dykk, og de ser at gangen stoppar opp og går rett til venstre. Det blå lyset kjem frå den andre sida av hjørnet.

La dei få mulighet til å reagere på dette. Vert dei engstelege for at det er noko farleg? Legg dei ein plan for korleis dei skal runde hjørnet? Vil dei kike rundt kanten?

Dei kan til dømes bruke STEALTH og PERCEPTION til å snike seg bort til hjørnet for å sjå. Det er ingen eigentleg DC, for det er ingen der som kan oppdage at dei kjem.

Del 4: Oppdaginga

I det du ser rundt hjørnet kjem det eit høgt gisp frå deg. Dei andre styrtar fram for å sjå. Hjarta dykkar gjer eit hopp og augene dykkar fell nesten ut av hovudet. Framfor dykk er det eit gedigent rom. Det er eit lager, med enorme mengder reolar, kassar og tønner - alt sortert og plassert i omhyggjeleg orden. Likevel er det ein del rot med brende og knuste ting nærast gangvegen som går gjennom rommet. Men det som får dykk til å miste munn og mæle er synet av det skinande blå. Safirar! Haugevis av safirar! Fleire safirar enn de nokon sinne har sett, og meir enn de kunne drøymt om i dykkar villaste fantasiar.

Her kan spelarane sanke med seg det dei vil. Dei klarar å få med seg 6 safirar kvar (3 i kvar lomme), til ein verdi av 6.000 gullpeng. Dersom dei vil leite etter ei kjerre (som vi har hinta om tidlegare då vi sa at gruvegangen var stor nok for ei kjerre), so finn dei ei kjerre med INVESTIGATION DC10. Dei kan då laste hundre safirar til ein verdi av 100.000 gullpeng, på kjerra, og dra denne med seg.

Dei kan også finne våpen om dei leiter etter dette spesifikt. Spelaren trillar INVESTIGATION:

Under 10: spelaren finn eit rustent, øydelagd våpen (ubrukeleg).

10 - 15: spelaren finn eit våpen som har holdt seg gjennom tidene (magisk).

15 og over: spelaren finn eit våpen som har holdt seg og som er ekstra kraftig (også magisk, men har i tillegg +1 eigenskap).

På Vedlegg 2 finn du 4 magiske våpen og 4 magisk +1 våpen. Spelaren som får 10 eller meir triller deretter ein d4 og du gir h*n rett våpen ut frå rett kategori.

Døme: spelaren trillar d20 + INVESTIGATION og får 11, h*n får då eit magisk våpen (ikkje +1 våpen). H*n trillar 1d4 og får 1, som gir h*n ein magisk dagger (merka med tallet "1").

Dei får kun ein sjanse til å leite etter våpen. Kanskje leitar dei etter noko anna? La dei prøve. Dersom du tenkjer at det dei leitar etter kunne høyrte naturleg heime på eit lager tilhøyrande dwarfs - og at det kan overleve 1000 år - så la dei finne det med ein DC12? Til dømes ei flaske med Potion of healing (som gir 2d4 + 2 i HP - men karakteren kan ikkje gå over sin maks HP). Eller kva med eit førstehjelpsskrin som gir ADVANTAGE ved MEDICINE check?

Når dei har gjort seg ferdige kan dei gå vidare, med eller uten kjerra. Dersom dei tek med kjerra må dei velje 2 stk som dreg denne med seg. Kva rekkjefølgje går dei vidare i?



Del 5: Magminmøte

Klirrelyden av edelsteinar som dunkar mot kvarandre fyller korridoren i det de går vidare. Det kan virke som bakken går svakt oppover. Bortsett frå nokre svimerker og ein god del spindellev og støv, so er veggane og taket like elegante og forseggjort her. Etter kvart ser de eit svakt varmt lys langt framme. Lyset vert sterkare etterkvart som de nærmar dykk, og de ser at gangen stoppar opp og går rett til høgre. Det varme lyset kjem frå den andre sida av hjørnet.

Anar spelarane at noko er på ferde, eller trur dei det er eit nytt lager med skattar?

Dersom dei vil **STEALTH**e skal dei ha **DISADVANTAGE** sidan edelsteinane bråkar slik. DC11 elles høyrer dei 3 ventande **MAGMINS** at dei kjem. I utgangspunktet er denne kampen dødeleg, so det kan vere at nokre av karakterane går i bakken. Eventuelle **DEATH SAVES** må gjerast under og rett etter kampen (meir om dette på side 17). Du finn kart du kan bruke i kampen som Vedlegg 3.

Dersom dei klarar å sjå **STEALTHily rundt hjørnet:**



Du kiker rundt hjørnet og ser tre humanoide skapningar. Dei er ganske små, rundt 1 meter høge. To av dei ser ut til å stå i brann, medan den tredje ser forkulla ut. Likevel glødar det frå sprekkar i kroppen hans. Dei står og snakkar saman på eit språk du aldri har høyrte før. Det er ikkje råd å kome forbi dei usett. Samstundes er det jo ingen annan veg å ta.

Spelarane må legge ein plan, men dei klarar ikkje å snike seg usett forbi skapningane (Magmin: Basic Rules side 329).

Belønn dei gjerne for kreativ tenking som gir dei eit overtak.

Dersom dei koordinerar angrepa sine kan dei til dømes få ein overraskelsesrunde, der de trillar **INITIATIVE** på alle, men hoppar over monstera i første runde, før de fortset kampen som vanleg etterpå.

Dersom dei ikkje klarar å sjå **STEALTHily rundt hjørnet:**

Du ser rundt hjørnet og ser tre humanoide skapningar snu seg rett mot deg. Dei er ganske små, rundt 1 meter høge. To av dei ser ut til å stå i brann, medan den tredje ser forkulla ut. Men i det den set augo sine i deg står flammene ut av kroppen og den er i full fyr. Dei set i eit skingrande høgt brøl, og spring mot deg.

Trill for **INITIATIVE**!

Stats/informasjon om Magmin:

Magmin Basic Rules side 329

Small elemental, chaotic neutral

Armor Class 14 (natural armor)

Hit Points 9 (2d6 + 2)

Speed 30 ft.

STR	DEX	CON	INT	WIS	CHA
7 (-2)	15 (+2)	12 (+1)	8 (-1)	11 (+0)	10 (+0)

Damage Resistances bludgeoning, piercing, and slashing from nonmagical attacks

Damage Immunities fire

Senses darkvision 60 ft., passive Perception 10

Languages Ignan

Challenge 1/2 (100 XP)

Death Burst. When the magmin dies, it explodes in a burst of fire and magma. Each creature within 10 feet of it must make a DC 11 Dexterity saving throw, taking 7 (2d6) fire damage on a failed save, or half as much damage on a successful one. Flammable objects that aren't being worn or carried in that area are ignited.

Ignited Illumination. As a bonus action, the magmin can set itself ablaze or extinguish its flames. While ablaze, the magmin sheds bright light in a 10-foot radius and dim light for an additional 10 feet.

Actions

Touch. *Melee Weapon Attack:* +4 to hit, reach 5 ft., one target. *Hit:* 7 (2d6) fire damage. If the target is a creature or a flammable object, it ignites. Until a creature takes an action to douse the fire, the target takes 3 (1d6) fire damage at the end of each of its turns.



Om Damage resistance:


Dei karakterane som eventuelt fann magiske våpen på lageret kan angripe og gjere skade som vanleg.

Dei karakterane som bruker hakke/spade, gjer halv skade. Du treng ikkje sei det til spelarane, men sei gjerne noko slikt som "du sler monsteret med hakka di, og får inn eit godt treff, men det ser ikkje ut som det gjer so mykje skade som du hadde håpa på".

NB! Angående dette angrepet:

Sjå det litt an om karakterane skal ta fyr eller ikkje. Det kan bli litt for mykje skade for fort. Vi vil jo ikkje at alle skal dø... eller..?

Kamp foregår i "rundar". For å finne ut kven som går først rullar alle spelara rullar ein d20 og legg til sin INITIATIVE. GM rullar ein d20 og legg til monster sin DEX modifier (i stats til Magmin på side 15 ser vi at denne er +2). Den som får høgst resultat byrjar sin runde, so er det nest høgst osv. Når alle, inkludert monster har fått gjort sin tur, er det runde 2 i samme rekkefølge.



Spelarane kan gjere fylgjande i sin runde:

Flytte sin movement speed og bruke 1 handling. Som handling kan dei velje mellom:

Angrep: Spelar vel våpen, trillar d20 og legg til våpen modifier (HIT). Spelar må få lik eller høgare enn monsteret sin Armor class (AC) for å treffe. Magmin har AC14. Døme: MOGRIK / MORTHA brukar HAKKE. H*n rullar d20, får 11 og legg til HIT for hakke som er +3. Totalt blir dette 14, som er same som Magmin sin AC14. Spelaren treff med sitt angrep og rullar då skaden som her er 1d6+2. Spelar rullar 3 på sin d6 og legg til +2 som blir totalt 5. Magmin sine Hit Points/HP går då frå 9 og ned til 4 (HP9 - skade 5 = 4). Når HP er 0 er den daud.

NAMN:	HIT (d20+):	SKADE:
HAKKE	+3	1d6+2


eller... **Bruke spells:**

Nokre karakterar brukar magi kalla spells (feks Cleric og Druid). Spell kalla cantrips kan brukast mange gonger per dag i spelet, medan andre spells kan brukast ut frå kor mange spell slots dei har. I dette eventyret har AMNER / AMNHILD spell'en "Guiding bolt". Denne har HIT +6 og gir 4d6 i skade om den treff. Vidare har h*n 2 spell slots. Det betyr at h*n kan bruke 1 spell 2 gonger, eller begge spells 1 gong kvar, i løpet av ein dag.

GUIDING BOLT (nb! spell)	+6	4d6
--------------------------	----	-----

Den som spelar MOGRIK / MORTHA og AMNER / AMNHILD får eigne ark med forklarte spells.

eller... **DASH:** Flytte dobbel speed. Dersom spelar normalt har 30 feet i speed kan den altså flytte opp til 60 feet på sin runde.



eller... **HELP:** Spelaren kan hjelpe nokon med å fullføre noko. Den som spelaren vel å hjelpe får då **ADVANTAGE** på det neste h*n prøver å få til. Dette gjeld og ved angrep. **ADVANTAGE** vil sei å rulle 2 stk d20 og bruke det beste resultatet.

eller... **USE AN OBJECT:** Spelaren bruker eit spesielt objekt. Til dømes: å drikke ein *Potion of Healing*, eller skyve vekk ein kasse.

eller... **DISENGAGE:** Dersom spelaren er i naboruta til fienden under kamp, og vel å gå vekk - får fienden lov med eit "gratis" angrep på spelaren (*attack of opportunity*). Dersom ein brukar runden sin på å ta **DISENGAGE** kan ein flytte karakteren sin vekk frå fienden **UTEN** at fienden får ta dette angrepet.

Ting som også er mogleg, men som vi ikkje tek med i dette eventyret: **READY, SEARCH, HIDE, DODGE, USE AN OBJECT, BONUS ACTIONS.**



Får ein spelar 0 eller minus i HP?

Då er spelaren slått bevisstlaus og svevar mellom liv og død. Spelaren må trille ein d20 på sin neste runde. Får spelaren 10 eller meir får h*n ein **SUCCESS**. Dersom det vert 9 eller lågare får h*n ein **FAILURE**. Neste runde trillar spelaren på nytt. For å overleve må spelaren få 3 stk **SUCCESS** før h*n får 3 **FAILURES**. Ved 3 **SUCCESS** vaknar spelaren til live att med 1 HP. Ved 3 **FAILURES** er spelaren sin karakter død.

Dersom spelaren får 20 på terningen vaknar h*n med 1 i hp.

Dersom spelaren får 1 på terningen tel det som 2 stk **FAILURES**.

Vi kallar desse kasta **DEATH SAVES / DEATH SAVING THROWS**.

Dei andre spelarane kan trille **MEDICINE DC10** og gjere at den bevisstlause vaknar med 1 HP, om dei klarar DC. Hugs og at Cleric'en **AMNER / AMNHILD** har spells som kan gi healing og at Druid'en **MOGRIK / MORTHA** kan lage *Goodberries*.

GM sine monster tek ikke death saving throws, men døyr når dei får 0 i HP.


Kamp og kart

Nokre foretrekk å ha eit kart når det er kamp. Då er det lettare å halde orden på avstand mellom spelarar og monster. Vedlegg 3 er eit kart du kan bruke når det vert kamp mellom Magmins og spelarane. Bruk av kart kan fort få spelet til å stoppe opp og at spelarane går ut av rollene sine. Dersom du vil ha meir rollespel og mindre "brettspel" kan du vurdere å kutte ut kartet eller eventuelt kun ha det bak GM-skjermen din, slik at du har oversikta.

Bruk terningar, spelebrikker, småklossar eller liknande for å markere dei ulike spelarane og monster på kartet.



Kvar rute på kartet er vanlegvis 5 feet. DVS at ein spelar som har 30 feet i speed kan gå 6 ruter på sin runde (eller 12 dersom h*n vel å bruke DASH).



Set spelarane og Magmin på kvar sin ende av kartet.

Dersom spelar vil bruke nærkampvåpen (shortsword, dagger, handaxe etc) må h*n flytte til naboruta til fienden for å kunne angripe.

Dersom spelar vil bruke avstandsvåpen (crossbow, shortbow, kaste handaxe/dagger) må h*n vere minst 10 feet/2 ruter unna.

Dersom ein brukar avstandsvåpen når ein står i ei rute som er ved sidan av fienden får ein DISADVANTAGE når ein trillar for å treffe. Ein må då rulle 2 terningar og ta det dårligaste resultatet.


Del 6: Vegskilje (Puzzle)

Etter kampen må spelarar som ligg nede trille ferdig sine DEATH SAVES. Andre spelarar kan prøve å stabilisere dei til 1 HP ved å trille MEDICINE DC10.

Dei overlevande karakterane kan bruke tid på å kome seg. Dei kan ta ein short rest eller gå tilbake til lageret og leite etter Potion of healing.

Dersom nokon har døydd kan dei ta med vedkomande på kjerra, i håp om at dei kan bli gjenoppliva av magi (det er jo faktisk ein mogleg ting). Då må dei i so fall legge vekk noko av safirane for å få plass på kjerra.

Sterkt prega av kampen mot dei merkelege ildmonstera går de vidare. De slepp å gå so langt før de kjem til eit vegskilje. Det står eit skilt der, men det er slite av tida og de har problem med å tyde kva som står der.



Minipuzzle:

